

Månadsbrev april 2021

Plutseleg var påskeferien òg over... Eg vonar det blei ei fin påske, sjølv med variert vêr, lite snø og turistbesøk.

I mars hadde **elevrådet besøk** av leiaren i hovudutval for oppvekst og levekår, som ville høyra om dei var interesserte i Yalp Toro, ein interaktiv ballbinge der ein kan spela fire ulike ballspel. Det såg fristande ut med ein skjerm i staden for mål, sjølv om enkelte (vaksne) var skeptiske til om han tåler kjøll og snø. Ønsket frå elevane i




første omgang var ein pumptrack, og nokon ønskjer å utvida sykkelløypa. Kanskje kan Gunn-Rita Dahle Flesjå gje oss nokre gode råd, og så får me sjå kva elevane kjem fram til. Elevrådet sitt neste møte er 8. april. Same dag er det **SMU- og SU-møte** med informasjon om den lokale trivselsundersøkinga og høyring om nytt SFO-reglement.

Skiaktivitetsdagen vart vellukka med flotte aktivitetsløyper laga av Åge, med full fart heile dagen! Småskuletrinnet koste seg på **påskeverkstad**, og det var mange flotte piratar, teikneseriefigurar, hippiar, sjørøverar og karakterar frå Harry Potter-universet på **karnevalet** rett før påske.

Skuleveka etter ferien starta med **onsdagsskule** for småskulen, og **sjakkturneringa** for mellomtrinnslevane held fram i matfriminuttet fire dagar i veka. Der er konsentrasjonen på topp! Det blir **morgonsamling** 12. april ved 3. og 4. klasse, og 16. april skal 5. klasse vera med på **PIRLS-undersøkinga** (Progress in International Reading Literacy Study). Det er ei undersøking som skal finna ut kor godt norske, og mange andre, tiåringar les. Rundt 50 land deltek, og undersøkinga vert gjennomført kvart femte år. Foreldra i 5. klasse kan òg vera med på ei spørjeundersøking i samband med PIRLS 2021. Elles skal 1.-4. og 6. klasse vera med på **Lesereisen 2021**, dvs. lesa eller lytta seg verda rundt på skjerm. Og plutseleg var me over i mai og 7. klasse er kanskje på veg til Haraldvigen og leirskule. Me vonar verkeleg at smittesituasjonen roar seg til dess!

Arbeidet på nybygget går framover, og nå er malarane i gang med å sparkla. Elles har me fått beskjed om at om det skulle bli streik innan kollektivtrafikken førstkomande helg, råkar ikkje dette Sirdalselevane.

Sjølv om april ikkje er så lang, er det berre å jobba godt, for plutseleg er mai med alle sine fridagar og sommarferien her.



Sinnes 07.04.21, Åse-Berit